

DNT GUDBRANDSDALEN

Årsmelding 2024



DNT Gudbrandsdalen i 2024



Foto: Aina Rolstad

Tusen takk til alle som har bidrege til stor og variert aktivitet i foreininga vår i 2024. I året som gjekk deltok godt over 2100 personar på aktivitetar og turar for alle alder og formnnivå. Dette er neste dobbelt så mange som året før.

Det trykte turprogrammet er tilbake og inneheldt 90 turar gjennom heile året. I tillegg kom det fleire turar som berre vart delt på nett.

Vi er utruleg heldige som har så mange engasjerte frivillige. Dei bidreg til eit rikt turår med noko for einkvar smak.



Foto: Marit Brekkum

Dugnad og sti

DUGNADSGRUPPA

Helle Hovden er leiar for stigruppa og har med seg 20 frivillige som år etter år legg ned ein stor innsats.

PEER GYNT STIGEN

Ei av oppgåvene er ettersyn og vedlikehald av den T-merka Peer Gynt-stien. I 2024 vart det brukt til saman 154 timar på jobben.

ØVRE SKAR

Øvre Skar er ein gamal husmansplass som ligg knapt 600 m.o.h i den bratte lia på austsida av Gudbrandsdalen opp for Harpefoss i Sør-Fron kommune. Plassen ligg i kryssingspunktet i den delen av Peer Gynt-stien som gå frå Gålå til Sulseter og Pilegrimsleia gjennom Gudbrandsdalen.

Det er dugnad kvar haust og kvar vår. I tillegg er det jamleg tilsyn gjennom heile sommaren. Plassen er flittig brukt av pilegrimar og andre turgåarar både til dagsbesøk og overnatting. Dugnadsinnsatsen i 2024 utgjør 112 timar.

Det er registrert over 100 overnattingar i Øvre Skar i 2024.

SVINTJØNNA

Gapahuken ved Svintjønna vart bygd i 2023 og er eit flott turmål på vestsida av Gudbrandsdalen opp for Harpefoss. Den ligg sentralt til for både sommar- og vinterbruk. Peer Gynt-stien passerer gapahuken og Skodalsåa kultursti startar her.

Det vart lagt ned 12 timar i dugnadsinnsats på gapahuken i 2024.



Barn 0 - 12 år

KOM DEG UT- DAGEN

Tradisjon tru vart Kom deg ut- dagen feira i Trabelia, Ringeby. Om lag 50 små og store tok turen ut og fekk ein nydeleg dag med skileik, aking, grilla pølser og påskestemning.

I september vart Kom deg ut- dagen feira både i Ulbergskogen, Ringeby og på Lalm idrettsanlegg. Til saman valte 85 barn og vaksne å delta på grilling, lek og moro ute.



GALDHØPIGGEN

I året som gjekk vart det arrangert fleire turar spesielt tilpassa barnefamiliar. For tredje år på rad fekk vi ein fin tur til Noregs høgaste fjell, Galdhøpiggen.

TRABELIFJELLA

Familiaturen til Trabelifjella er også ein gjenganer. I år var det ein fornøyd gjeng på 15, som til tross for litt vind, syntest det var godt å koma seg ut på tur.

GROTTETUR

Sidan det vart for dårleg vær til å gjennomføre den planlagt turen til Galdhøpiggen, vart det ein spontantur til grottene i Dumdalen. Dette vart ei spanande oppleving både over og under bakken. Ein flott tur som er like fin i ruskevær.



RAFTING

Det var mange interesserte og heile 22 barn i grunnskulealder fekk ein sprek og fuktig dag på elva med Skjåk Adventure. Etter å ha fått på seg tørt smakte det godt med grilla pølser og ei runde på diskgolfbana.

NISSETUR

Mange bornefamiliar tok turen til Dønfoss siste laurdag før jul. Det var jubel og glede da smånissane dukka opp med rampestrekar rundt oss i skogen. Sjølvase nissefar kom med gåve til alle barna og mange kosa seg med grilling og bålcaffe. Ein triveleg tradisjon med om lag 100 deltakarar.

KLATRING

I samarbeid med Skjåk idrettslag si idrettsveke, var mange barn innom å prøvde det nye klatrefeltet i Skjåk. Ein populær aktivitet med litt spenning og mykje meistring.

OVERNATTINGSTUR GLITTERHEIM

Årest overnattingstur for barnefamiliar gjekk til Glitterheim. Etter å ha sykla innover smakte det godt med middag ute før ei natt i telt. Heile gjengen fekk ei flott oppleving og nådde toppen av Ryggjehøe, 2142 moh. Siste kvelden vart det middag inne og overnatting på Glitterheim.

Ungdom 13 - 26 år



FRA SKOG TIL BORD I SKJÅK

I samarbeid med Skjåk Almenning og frivillige jegerar fekk deltakarane lære om og delta på storviltjakt. Rådyret vi fekk tak i og slakta vart tilberedt og servert siste kvelden på hytta. Mange likte godt å få prøve skyting.

FRILUFTSSKULE PÅ SLAGEN SÆTER

Saman med Anita på Slangen Seter fekk deltakarane delta på dyrestell, turar, aktivitetar og trivlege måltid.

Tusen takk til studentane frå Høgskulen i Volda som hadde observasjonspraksis på Friluftsskulane. Dei bidrog som gode førebilete og godt selskap for deltakarane.

SOMMARJOBB

Med midlar frå fleire ulike prosjekt, lyste DNT Gudbrandsdalen etter sommarhjelp til å leie turar og arrangement i skuleferien. Fire jenter deltok på nærturlederkurs og gjorde ein strålande jobb som unge representantar for DNT. Dei gjennomførte 12 turar og gav over 200 deltakarar ei flott naturoppleving i sommar. Mange av turane var spesielt tilpassa flyktningar og barnefamiljar.

DANSKEHYTTA

Til tross for litt ruskete vær, hadde dei ti ungdomane ein fin tur til Danskehytta. Det var godt å koma fram, lage mat og spele kort.



UNGE NATURTALENT

DNT Gudbrandsdalen starta hausten 2024 opp sitt fyrste kull med Unge Naturtalent. Dei ni jentene som deltek er frå 16 - 22 år og kjem frå Skjåk og Vågå. Dei har delteke på bli kjent- tur med overnatting på den sjølvbetjente hytta Slæom, styresamling i Snøheim, skredkveld og grunnleggjande turleiarkurs. Ein flott gjeng som har mykje spanande å glede seg til utover våren og som vi truleg kjem til å sjå meir til i DNT framover.



KLATRING

Til saman har 130 små og store delteke på uteklattring i Skjåk sommaren 2024. Det nye klatrefeltet, som Erling Bjørstad stiftelse bidrog med støtte til i 2023, er eit populært lågterskeltilbod.

OVERNATTING I TELT

Med buss for ein tiar tok ei gruppe ungdomar bussen til Spiterstulen. Dei gjekk merka sti til Leirvassbu og hadde ei flott overnatting ved foten av Kyrkja, der dei kosa seg med taco og fantastisk utsikt.

Turar for vaksne

Eit utvalg av turane for vaksne:

GEIRANGERHELG

Tradisjon tru vart det Geirangerhelg. Laurdag gjekk turen til Geitfonna der heile 28 stk kom heilt til toppen. Sundag vart det ein litt kortare tur til Løsta.

PRIDERUTA 2024

I forkant av FjellPride på Sota Sæter vart det arrangert ein hytte til hytte tur. Turen gjekk innover Lundadalen til Trulsbu - Nørstedalsseter og over Fortunsdalsbreen til Sota Sæter.

TRUGETURAR

Det vart arrangert trugetur til både Holtjønnpiggen og Sukkertoppen. Populære turar med godt frammøte som begge baud på fantastisk solnedgang.

ETTERMIDDAGSTUR HARPEFOSS

Turen gjekk ned Skodalsåa kulturstig og innom Okulus-prosjektet. Der vart det kafferast og trivelege samtaler.

TUR ETTER GAMLE RÅK I SKOG OG SNAUFJELL I KVIKNE

Frå Kvikne går det fleire råk til fjells. Langs desse er det fleire kulturminne som det vart fortalt om på turen. Dei 18 tobeinte som deltok på turen hadde ein fin tur saman med heile sju firbeinte venner.

SOPPTUR PÅ JØNNHALT

Turen gjekk i fin furuskog med lavbotn, der deltakarane sank mange forskjellige typar sopp. Deretter var det en felles soppkontroll som vart gjennomført av Lillehammer sopp og nyttevekst.



Foto: Guri Skurdal Tofte



Foto: Silje-Håvard Bolstad



Foto: Gro Enger



Foto: Helle Hovden

Seniorgruppa

I året som gjekk har seniorgruppa arrangert 12 turar. Turane passar godt for folk som er heime på dagtid og ynskjer turar i litt rolegare tempo. Alle er velkomne til å delta.

Det er turar året rundt og god varisjon i turmål. Året starta med skitur til Svintjønna og i Langsua. Kan også nemne trugetur til Øvre Skar og Iskyrkja i Vinstraelva. På beina var det tur til Vinsterfossen og Steinkyrkja.

Den tradisjonelle tapasturen gjekk til små vatn og tjern på Fefor og hadde også i år godt frammøte.

Gitte Bertelsen er leiar for seniorgruppa og har eit stort engasjement for å få med seg folk på tur.

FRILUFTSTRIM

Nytt for året vart oppstarten av Friluftstrim i Vinstra park. Dette er eit gratis treningstilbod på dagtid med fokus på styrke- og balansetrening som aukar evna til å gå tur i ulendt terreng.

Frå mai til november vart det arrangert 20 treningsøkter som hadde utruleg bra frammøte med til saman 325 deltakarar.

Tusen takk til Gry og Gitte som har stilt opp som trenarar og dei frivilljuge vertane som har servert kaffe og bidrege med sosiale samvær etter trimmen.

SENIORTUR TIL KINN

Gitte og Kari brukte mykje tid på å førebu årets helgetur med fottur og kultur på Rekstad og Kinn.

På Kinn overnatta turfølget i Skolehuset der dei også laga og kosa seg med felles middagar.

Kinnaspelet vart eit av fleire høgdepunkt på turen. Det same var turdagen til Askrova i samarbeid med Florø turlag. Turen til Kinneklova vart etterfølgt av eit forfriskande bad i sjøen.



Foto: Ingrid Agøy



Foto: Gitte Bertelsen



Foto: Gitte Bertelsen

Fjellsport



Foto: Nils Arne Haugen

VÅRSKITURAR FRÅ KROSSBU

Dei klassiske vårskiturane til Storbreatind, Veslbreatind og Bjørnungen vart fort fullteikna. Sognefjellet viste seg frå si finaste side og gav ei fin ramme rundt den fyrste helga i mai.

DAMETUR TIL KROSSHØE

Til tross for noko vind som gjorde turen litt ekstra krevjande, var det blide og tilfredse damer som deltok på turen. Nokre prøvde randonee for fyrste gong, medan andre var meir rutinererte skikøyrar.



Foto: DNT Gudbrandsdalen

KLATRING

Interessa for klatring er stor og mange prøvde uteklatring for fyrste gong. Det nyetablerte klatrefeltet i Skjåk er eit fint lågterskeltilbod med kort adkomst. Her er det lagt ned mange timar friviljugt arbeid med rydding og pussing. DNT Gudbrandsdalen er glad for å ha bidrege med støtte til utstyr for bolting og pussing gjennom støtte frå Ertling Bjørstad stiftelsen.

TOPPTUR TIL VESLBREATIND OG HURRBREATIND

Med start frå Krossbu turisthytte kunne turfylhje etter ein real motbakke nyte sol og fantastisk utsikt til dei flotte toppane rundt.



Foto: Einar Randen Killi

SKREDKVELD

I forbindelse med den nasjonale skredveka arrangerte vi Skredkveld i samarbeid med Norsk Fjellsenter. Interesse for kvelden var stor og dei 100 frammøtte fekk mange gode tips frå Sondre i 500 Fjell og Iver i Fyrst og Fremst. To lokale og fjellvante karar som delte av sin kunnskap.



Foto: DNT Gudbrandsdalen

Stolpejakt

STOLPEJAKT

For tredje år på rad er DNT Gudbrandsdalen arrangør av stolpejakt. Eit populært lågterskeltilbod som når ut til mange.

Fordelt på kommunane Lom, Skjåk og Lesja vart det laga fem kart med til saman 1 98 stolpar. Dette inspirerte heile 4500 deltakarar til å koma seg ut på tur og leite etter stolpar. Til saman vart stolpane scanna nesten 54 000 gonger.

Det er mange friviljuge som bidreg og gjer det mogleg å planlegge, setja ut og rydde inn nesten 200 stolpar. Ekstra stas er det at mange tek kontakt og tilbyr seg å hjelpe til. Tusen takk til kvar og ein av dykk!

Engasjementet er også stort når sesongen er over og dei ivrigaste møtast til avslutning med pizza. Da går praten lett over på neste år stolpejakt og nye turmål.



Foto: Elin Sperstad



Foto: Eva_Britt Riise

Prosjekt

PROSJEKT FRI

Gjensidigestiftelsen har gjeve 512 000 kroner til prosjekt FRI -tid, -luft, -viljug. Målet er å skape ein arena der frivilljuge og eldre kan dele si glede og sin kunnskap om friluftsliv med flyktningar og yngre generasjonar. Gjennom faste turkveldar heile året og nokre lengre turar vil vi inspirere og stimulere fleire til å vera aktive ute i naturen.

Prosjektet har i året som gjekk resultert i aktivitetsdagar på ski, kveldsmatturar, bær- og fiske-tur, klatring, discgolf, isbading og bålkos.

I desember bidrog frivilljuge til å lage adventsgate ved dagsturhytta i Bismo. Denne var tilrettelagt for alle og var svært godt besøkt.

NATUROPPLEVINGAR FOR LIVET

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) si tilskotsordningen; Tilskot til inkludering av barn og unge, gav DNT Gudbrandsdalen 130 000 kr. Målet med tilskotsordninga er å redusere barrierar for deltaking i DNTs ferietilbod for barn og unge.

Dette bidrog til familietur på Galdhøpiggen, grottetur, ungdomstur til Danskehytta, fisketur og tur til Storsæterfossen i Geiranger. I tillegg reduserte dette deltakaravgifta på Friluftsskulane i haustferien.

BYNÆRT FRILUFTSLIV

DNT er tildelt midlar frå Kulturdepartementet og Miljødirektoratet til prosjektet «Bynært friluftsliv for alle». Prosjektet skal bidra til auka friluftslivsaktivitet i bynære strøk med fokus på sosiale og inkluderande møteplassar og aktivitet, auka friviljugheit, samarbeid og miljøvennlege løysingar.

Tilsagnet på 70 000 kr har mellom anna bidrege til å arrangere stolpejakt. Fleire frivilljuge har fått heva kompetansa si gjennom nærturlederkurs og ferskingkurs. Friluftstrimmen fekk høve til å forlengje eit populært tilbod utover hausten.

Frivilljuge turleiarar på Vinstra, med Bente i spissen, har arrangert mange nærturar spesielt tilpassa flyktningar og familiar.




Foto: DNT Gudbrandsdalen



Foto: Bente Brustuen Bråten

Kurs i 2024

NÆRTURLEDERKURS

Det vart gjennomført 2 nærturlederkurs.

Nærturlederen si oppgave er å lede gruppa gjennom heile turen, og har eit spesielt ansvar for å skape trivsel og eit inkluderende turmiljø. På Vinstra deltok 5 seniorar og i Skjåk deltok 4 ungdomar.

SKREDKURS UNGDOM

Med økonomisk støtte frå Erling Bjørstad stiftelse kunne vi tilby 2 gratis skredkurs for ungdom. På Bjorli deltok 6 ungdomar og på Lemonsjøen var det 12. Iver i Fyrst og Fremst hadde ansvar for fagleg innhald og leia kursa.

FERSKINGKURS

I samarbeid med vaskenopplæringa i Skjåk gjennomførte 12 Ukrainerar ferskingkurs hausten 24. Kurset er på 10 timar og gjev grunnleggjande kunnskap og ferdigheiter innan friluftsliv. Tema på kurset var mellom anna kart, kompass, bål, mat ute og DNT.

TOPPKORTKURS

For å rekrutere fleire frivillige vart det, med tilskot frå Erling Bjørstad stiftelse, arrangert toppkortkurs i Skjåk. Her deltok 4 stk som fekk ein lærerik dag saman med kurshaldar Sveinung Mosnes.



Styret 2024



Styresamling på Snøheim sept. 2024

F.v. Helle Hovden, leiar stigruppa. Magnar Bratlien, medl. landsstyret. Marit Brekkum, UN. Anita Haugen, dagleg leiar. Heidrun Israelsen, UN. Arnt Sveen, styreleiar. Tea Karoline Mork, varamedlem. Gitte Bertelsen, leiar seniorgruppa. Imbert Kleiven, styremedlem. Kirsti Myrhaug, styremedlem. Oda Espelund Vollan, styremedlem. Odd Andre Morken, nestleiar. Bente Brustuen Bråten, sekretær.

STYREMØTER 2024

Det vart gjennomført 6 styremøter i tillegg til årsmøte i 2024. Fleire av møta var på teams.

Årsmøte var på Thon Otta. Det var 16 medlemmar inkludert styret som deltok.

STYRET FOR 2024

Leiar: Arnt Sveen, Vingrom

Nestleiar: Odd Andre Morken, Lesjaverk

Kasserar: Egil Tofte, Sør-Fron

Sekretær: Bente Brustuen Bråten, Nord-Fron

Styremedlem: Oda Espelund Vollan, Sel

Styremedlem: Kirsti Myrhaug, Vågå

Styremedlem: Imbert Kleiven, Lalm

Vara: Tea Karoline Mork, Skjåk

Vara: Oda Louise Larsen, Dovre

VALKOMITEEN

Aasta Kristine Bjorli Bjølverud, Lesjaskog

Nils Arne Haugen, Lom

Magnar Bratlien, Nord-Fron

STIGRUPPA

Leiar: Helle Hovden, Nord-Fron

SENIORGRUPPA

Leiar: Gitte Bertelsen, Nord-Fron

DAGLEG LEIAR

Anita Haugen har 100% stilling som dagleg leiar og har kontor plass sjå Skjåk Almenning.

Møter og representasjonar



Foto: DNT Gudbrandsdalen

LANDSSTYRET

Vi er glade for å ha Magnar Bratlien i Landsstyret. Han har eit stort nettverk i DNT og er ein god representat for alle dei små foreiningane. Alle medlemsforeiningane i Innlandet står samla bak å forelså Magnar til gjenvalg i landsstyret i 2025. Det vil vera vitkig for DNT å behalde Magnar si erfaring i landsstyret når det blir ny generalsekretær og styreleiar.

LEIARSAMLING I TØNSBERG

Styreleiar Arnt Sveen og Magnar Bratlien frå landsstyret, deltok på leiarsamling i Tønsberg hausten 2024. Her vart mellom anna vegval for 2026 - 2031, friluftslivets år og beslutningsprosessar i DNT diskutert.

STYRESAMLING SNØHEIM

Styret, med følge, var samla på Snøheim 14. - 15. september. I tillegg deltok representantar frå Unge Naturtalen, leiar frå stigruppa og seniorgruppa. Her fekk folk høve til å bli betre kjent. Vi jobba med neste års turprogram og Friluftslivets år.

DAGLEG LEIAR SAMLING, LEIRVASSBU

Årets samling for dei daglege leiarane i DNT var i Leirvassbu. Vegval, friluftslivets år og beslutningsprosessar i DNT var sentralt også her.

Deltakarane hadde ein fin tur til Høgvagltind og vart betre kjent.



Foto: DNT

Sosiale media



Mange av våre deltakarar blir inspirert til å delta på turar og arrangement på sosiale media. Det er også her mange finn vegen inn til vår nettside: www.dnt.no/gudbrandsdalen

Saman med det trykte turprogrammet er sosiale media ein viktig kanal for å nå.

FACEBOOK

Det er gledeleg at det no er heile 4620 som følgjer DNT Gudbrandsdalen på facebook. Ei auke på ca 9% frå året før.

Det er stor variasjon i kor mange som ser det vi legg ut. I året som gjekk var det totalt 64 700 visninger på facebook. Alle desse var organiske og det vart ikkje kjøpt anonseplass.

Det mest populære innlegget var ein video frå Friluftstrimmen på Vinstra som nådde imponerende 27 500 sjåarar. Andre populære innlegg var stolpejakten, Unge Naturtalent, somerjobb og opning av klatrefeltet. Alle med mellom 5000 og 7700 vinsnger.

Damene er framleis i overtal av våre følgjarar og utgjør 73%. Ungdomane når vi truleg ikkje på facebook, da kun 1,5% av følgjarane er under 24 år.

INSTAGRAM

På Instagram har vi no 2935 følgjarar, ei auke på 6% frå førre år. I løpet av året var det totalt 33 500 visninger.

Det mest populære innhaldet på facebook var ein video frå dameturen til Krosshøe, som nådde ut til 2700. Bli med på randotur, skredkurs og Unge Naturtalent hadde mellom 1800 og 2300 visninger.

På Instagram er 3,8% av følgjarane våre under 24 år.

TIK TOK

Det er oppretta ein brukar for DNT Gudbrandsdalen på Tik Tok. Det er delt tre innlegg som har mellom 1500 og 1800 visningar. Det er 59 stk som følger kontoen og kanskje her vi har potensiale til å nå ungdomane?

Hytte i Skjåk



Foto: DNT Gudbrandsdalen

FRÅ SNARØYA TIL SKJÅK

I mai og juni vart husa demontert og frakta frå Snarøya til Skjåk. Det var lokale handverkarar frå Flaten bygg, SEBB og elevar frå Byggfag i Lom som gjorde jobben.

VØLING

Flaten bygg satte opp at og vøla Ramloftet i sin laftehall i Skjåk. Alle husa er no i god stand og klare for opp at føring.

HYTTEGRUPPA

Hyttegruppa har brukt mykje tid på å søke økonomisk støtte til å dekkje våre kostnader med prosjektet. Det er difor gledeleg at Sparebankstiftelsen DNB har valt å støtte prosjektet med 850 000 kr. Kjærkome er også Olav Thons DNT stiftelse sitt bidrag på 350 000 kr. Det vart også sendt fleire søknader vi framleis ventar svar på.

PLAN

Det er realistisk å håpe at grunnarbeidet er ferdig vår/sommar 2025. Da kan dei tre bygga setjast opp hausten 2025 og stå vinteren over. Dei vil da vera klare for innreiing sommaren 2026.



Foto: DNT Gudbrandsdalen



Foto: DNT Gudbrandsdalen

RØTER FRÅ DALEN

Handverkarane Even Brenden og Torger Aspeslåen frå Vinstra var med da ramloftet vart flytta frå Gudbrandsdalen til Snarøya. Dei har begge mykje å fortelja om hytta.

Samarbeidspartnarar, medlemsutvikling og økonomi

SAMARBEIDSPARTNARAR

DNT Gudbrandsdalen set stor pris på at Sparebank1 Lom og Skjåk og Sparebank1 Gudbrandsdalen held fram som vår samarbeidspartnarar. Vi syner fram kvarandre på nettsider og sosiale media, og er glade for å ha lokale og solide samarbeidspartnarar. Samarbeidet bidreg til at vi kan nå ut til fleire og tilby fleire turar og arrangement.

I tillegg søker vi årleg kommunane om kulturmidler. Dette er bidrag som kjem godt med og i 2024 fekk vi til saman 32 750 kroner frå dei ni kommunane i vårt medlemsområde.

MELDEMSUTVIKLING

Det er gledeleg at DNT Gudbrandsdalen hadde 5,7% medlemsvekst også i 2024.

Pr. 31.12.24 var det 1252 medlemmar.

ØKONOMI

Det er framleis solid og god økonomi i DNT Gudbrandsdalen. Økonomien og innestående på konto utviklar seg positivt.

GRASROTANDEL

Dei 33 som gav sin grasrotandel til DNT Gudbrandsdalen har bidrege med heile 12 301 kr. Tusen takk!

Familie hovud- medlem	Hovud- medlem	Ungdom	Senior	Ufør	Livsvarig	Barn	Husstands- medlem	Totalt	Diff.
295	512	64	205	27	15	28	106	1252	+5,7

SpareBank
LOM OG SKJÅK



SpareBank
GUDBRANDSDAL



Deltakarar på turar og aktivitetar 2024

Dato	Tema	Namn på tur	Turleiar/prosjekt	Kommune	Deltakarar	Nivå
10. jan	ski	Trening på skredredning	Odd Andre Morken	Lesja	4	●
13. jan	kurs/ung	Skredkurs på Bjorli for ungdom	Fyrst og Fremst	Lesja	6	●
14. jan	kurs/ung	Skredkurs på Lemonsjøen for ungdom	Fyrst og Fremst	Vågå	12	●
15. jan	ski	Kveldstur randonee - Nordåkhøe	Ola Aaboen og A. Haugen	Skjåk	4	●
18. jan	bading	Isbading på Sødorpfjellet	Bente B. Bråten	Nord-Fron	21	●
25. jan	senior/ski	Skitur til Gapahuken ved Svintjønna	S. og K. Brendhaugen	Sør-Fron	9	●
27. jan	trugetur	Trugetur til Sukkertoppen	Bente og Trond Bråten	Nord-Fron	18	●
29. jan	ski	Kveldstur randonee - Billingen	Ola Aaboen og A. Haugen	Skjåk	7	●
4. feb.	barn/fam.	Kom deg ut- degen i Trabelia	Klausen, Brevik, Granlien	Ringebu	50	●
6. feb	senior	Tur til Isslottene i Vinstraelva	Jo Engum og Ingrid Agøy	Nord-Fron	30	●
7. feb	trugetur	Trugetur til Holtjønnpiggen	G. Enger og A.G. Mæhlum	Sel	9	●
10. feb	fjellsport/ski	Topptur til Raudmyrhøe	Odd Andre Morken	Rauma	5	●
12. feb	ski	Kveldstur randonee, Bråtå	Eli S. Teigum og A. Haugen	Skjåk	7	●
17. feb	fjellsport/ski	Heimdalsløe	Kristin og Julie Didriksen	Vågå	27	●
24. feb	barn/fam.	Måneskinnstur til Villmarksleiren	Bente B. Bråten	Nord-Fron	10	●
27. feb	barn/fam.	Aktivitetsdag i Botn med skikurs	prosjekt FRI	Skjåk	60	●
5. mars	møte	Årsmøte - Thon hotell Otta	styret	Sel	16	●
6. mars	senior	Trugetur til Øvre Skar	Gitte Bertelsen	Nord-Fron	11	●
9. mars	senior	Skitur i Langsua	Tove og Arne Dahlen	Nord-Fron	16	●
10. mars	fjellsport/ski	Dametour på randonee til Krosshøe	M. Brekkum, H. Israelsen	Skjåk	11	●
13. mars	kurs	Nærturleiarkurs	G. Bertelsen og A. Haugen	Nord-Fron	6	●
13. mars	møte	Stolpejaktkveld på Lesja	Eva-Britt Riise og Haugen	Lesja	5	●
25. mars	ski	Fullmånetur til Olashovda på ski	Imbert Kleiven	Vågå	16	●
4. - 5. april	ung	Snøholetur med 10. klasse	Anita Haugen	Skjåk	15	●
15. april	alle	Kveldsmat i Gamleheimstrædet	prosjekt FRI	Skjåk	45	●
17. april	ski	Fjellskitur	Anne Holth	Nord- og Sør-Fron	8	●
29. april	alle	Kveldstur og kakao, Buaberget	prosjekt FRI	Skjåk	5	●
4. mai	fjellsport/ski	Storbreatind og Veslbreatind	Mathisrud og Haugen	Lom	13	●
5. mai	fjellsport/ski	Bjørningen	Mathisrud og Haugen	Lom	13	●
13. mai	alle	Målekveld	prosjekt FRI	Skjåk	5	●
14. mai	trim	Friluftstrim - prøvekveld	Friluftstrim	Nord-Fron	10	●
15. mai	nærtur/alle	Nærtur på Vinstra - stolpejakt	Bente, Cathrine, Elisabeth	Nord-Fron	12	●
27. mai	trim	Friluftstrim	Friluftstrim	Nord-Fron	9	●
29. mai	nærtur/alle	Nærtur på Vinstra og omegn	Bente, Cathrine, Elisabeth	Nord-Fron	10	●
3. juni	fjellsport/ung	Klatrekveld - introduksjon klatring	Skriden, Kveen, Østenseth	Skjåk	35	●
3. juni	trim	Friluftstrim	Friluftstrim	Nord-Fron	18	●
5. juni	kultur	Ettermiddagstur på Harpefoss	G.M. Brenden og G.S. Tofte	Sør-Fron	12	●
5. juni	nærtur/alle	Nærtur på Vinstra	Bente, Cathrine, Elisabeth	Nord-Fron	15	●
6. juni	senior	Skogstur på Sødorpfjellet	Berit Karin Wangen	Nord-Fron	26	●
10. juni	fjellsport/ung	Klatrekveld	Skriden, Kveen, Østenseth	Skjåk	20	●
10. juni	trim	Friluftstrim	Friluftstrim	Nord-Fron	13	●
12. juni	nærtur/alle	Nærtur på Vinstra	B.B. Bråten og C.E. Nygård	Nord-Fron	12	●
15. juni	turhelg	Geitfongga, Geiranger	Sveen, Moer og Haugen	Geiranger	28	●
16. juni	turhelg	Løsta, Geiranger	Sveen, Moer og Haugen	Geiranger	26	●
16. juni	barn/fam.	Aktivitetsdag på Lalm idrettsanlegg	Oda E. Vollen	Vågå	50	●
16. juni	barn/fam.	Barnevenleg tur i Trabelifjella	Klausen, Brevik, Granlien	Ringebu	15	●

Turen starter med

Deltakarar på turar og aktivitetar 2024

Dato	Tema	Namn på tur	Turleiar/prosjekt	Kommune	Deltakarar	
17. juni	fjellsport/ung	Klatrekveld	Skriden, Kveen, Østenseth	Skjåk	30	
17. juni	trim	Friluftstrim	Friluftstrim	Nord-Fron	15	
22.-26. juni	senior	Fottur og kultur på Rekstad og Kinn	G. Bertelsen og K. Enger	Kinn	8	
1. juli	alle	Geiranger og Storsæterfossen	sommerjobb	Stranda	34	
2. juli	alle	Sykkeltur, diskolf og klatring	sommerjobb	Skjåk	17	
3. juli	ungdom	Juving i Aura	Edvin J. Bakkom	Skjåk	5	
3. juli	alle	Sykkeltur til Dønfoss og bading	sommerjobb	Skjåk	16	
3. juli	fjellsport/ung	Toppkortkurs	Sveinung Mosnes	Skjåk	5	
4. juli	alle	Dagsturhytta i Skjåk	sommerjobb	Skjåk	15	
7. juli	vaksen	Tur etter gamle råk i Kvikne	H. Hovden og M. Bratlien	Nord-Fron	20	
7.-11. juli	pride	Prideruta 2024	S-H Bolstad og A. Haugen	Skjåk	9	
9.-10. juli	ungdom	Telttur Spiterstulen - Leirvassbu	sommerjobb	Lom	4	
11. juli	alle	Kiosk i Øvre Skar	sommerjobb	Nord-Fron	8	
12. juli	pride	Pridetur til Sotflye	sommerjobb	Skjåk	17	
13. juli	pride	Pridemarsj på Sota Sæter	Arnt Sveen og sommerjobb	Skjåk	70	
16.-18. juli	barn/fam	Familietur til Glitterheim	sommerjobb	Lom	12	
22. juli	familie	Familitur til Grottene i Dumdalen	Fyrst og fremst, sommerj.	Lom	19	
23.-24. juli	ungdom	Ungdomstur til Danskehytta	sommerjobb	Skjåk	10	
27. juli	vaksne	Tur til Saukampen	H. Hovden og M. Bratlien	Nord-Fron	10	
30. juli	ungdom	Via Ferrata, Sjoa	sommerjobb	Sel	10	
31. juli	familie	Familietur til Galdhøpiggen	Fyrst og fremst, sommerj.	Lom	40	
7. aug	barn/ung	Rafting, lunsj og diskolf	sommerjobb	Skjåk	26	
9.-10. aug	ungdom	Overnattingstur Slæom	Unge Naturtalent	Skjåk	4	
11. aug	senior	Ruten - Espefossen - Vinsterfossen	Arnalug Pedersen	Nord-Fron	7	
12. aug	trim	Friluftstrim	friluftstrim	Nord-Fron	8	
14. aug	barn	Klatring, samarb. idrettsveke Skjåk IL	sommerjobb	Skjåk	32	
15. aug	alle	Fisketur på Grotli	prosjekt FRI	Skjåk	7	
19. aug	trim	Friluftstrim	friluftstrim	Nord-Fron	23	
22. aug	senior	Kløvertur på Otta	Sel Sanitetsforening	Sel	5	
24. aug	alle	Sukkertoppen	B.B. Bråten og C.E. Nygård	Nord-Fron	11	
26. aug	trim	Friluftstrim	friluftstrim	Nord-Fron	25	
26. aug	alle	Fiske og bærtur på Heggebottvatnet	prosjekt FRI	Skjåk	9	
31. aug	vaksne	Aursjoen - Krokutetjern - Dønfoss	Arnt Sveen	Skjåk	5	
31. aug	fjellsport	Veslbreatind og Hurrbreatind	Einar Killi Randen	Lom	9	
31. aug	tema	Sopptur på Jønnhalt	A. Pedersen og Lilleh. sopp	Ringebu	19	
1. sept	barn/fam	Kom deg ut- dagen i Ulbergskogen	Klausen, Brevik, Granlien	Ringebu	35	
1. sept	barn/fam	Kom deg ut- dagen på Lalm	Oda E. Vollan og I. Kleiven	Vågå	49	
2. sept	trim	Friluftstrim	friluftstrim	Nord-Fron	18	
3. sept	familie	Tur til Friluftscampen	Bente B. Bråten ++	Nord-Fron	12	
9. sept	trim	Friluftstrim	friluftstrim	Nord-Fron	8	
12. sept	senior	Steinkyrkja i Sel	Kari Kjode Enger	Sel	4	
14.-15. sept	møte	Styresamling på Snøheim (styret, dugnad, senior og UN)		Dovre	12	
16. sept	trim	Friluftstrim	friluftstrim	Nord-Fron	18	
16. sept	alle	Diskolf og bålcaffe	prosjekt FRI	Skjåk	14	
18. sept	senior	Tapastur - langs små vatn på Fefor	Bertelsen, Engum og Agøy	Sør-Fron	35	

Turen starter med

Deltakarar på turar og aktivitetar 2024

Dato	Namn på tur	Turleiingar/prosjekt	Kommune	Deltakarar	Nivå
23. sept trim	Friluftstrim	friluftstrim	Nord-Fron	14	●
23. sept ung/fjellsport	Klatring ute	N.A. Haugen og K.R. Kveen	Skjåk	25	●
30. sept trim	Friluftstrim	friluftstrim	Nord-Fron	16	●
6.-9. sept barn/ung	Friluftsskule på Slangen Sæter	friluftsskule	Nord-Fron	11	●
7. sept trim	Friluftstrim	friluftstrim	Nord-Fron	17	●
8.-11. sept barn/ung	Friluftsskulen frå skog til bord	friluftsskule	Skjåk	7	●
10. sept senior	Kjørreletta - Berget - Hågå	Berit Karin Wangen	Nord-Fron	7	●
11.-13. sept ungdom	Grunnleggjande turleiarkurs, UN	Unge Naturtalent	Skjåk	10	●
13. sept møte	Stolpejaktavslutning Lom og Skjåk	stolpejakt	Lom og Skjåk	35	●
14. sept trim	Friluftstrim	friluftstrim	Nord-Fron	13	●
21. sept trim	Friluftstrim	friluftstrim	Nord-Fron	17	●
28. sept trim	Friluftstrim	friluftstrim	Nord-Fron	20	●
4. nov trim	Friluftstrim	friluftstrim	Nord-Fron	22	●
6. nov kurs	Ferskingkurs del 1 - Velkommen, allemansrett, bekledning		Skjåk	12	●
11. nov trim	Friluftstrim	friluftstrim	Nord-Fron	19	●
13. nov møte	Stolpejaktavslutning Lesja	stolpejakt	Lesja	18	●
13. nov kurs	Ferskingkurs del 2 - Kart og kompass		Skjåk	12	●
18. nov trim	Friluftstrim	friluftstrim	Nord-Fron	19	●
19. nov fjellsport	Skredkveld, samarb. Norsk Fjellsenter, 500 fjell, Fyrts og Fremst		Lom	100	●
25. nov bading	Isbading	prosjekt FRI	Skjåk	18	●
20. nov kurs	Ferskingkurs del 3 - mat på bål		Skjåk	12	●
4. des vaksne	Bål og gløgg med vaksenopplæringa	prosjekt FRI	Skjåk	20	●
17. des tilrettelagt	Bålkos med gløgg og pepperkaker	prosjekt FRI	Skjåk	15	●
18. des alle	Førjulsbad	prosjekt FRI	Skjåk	23	●
21. des barn/familie	Nissetur		Skjåk	100	●

Totalt deltok 21 27 personar på tur i 2024. Dette er dobbelt så mange som året før.

Det vart gjennomført 116 turar aktivitetar og arrangement. I tillegg vart om lag 30 turar avlyst grunna dårelg vær, få påmeldte eller andre grunnar. I gjennomsnitt var det 18 deltakarar på kvar tur.





DNT Gudbrandsdalen
Industrivegen 10
2690 Skjåk

Organisasjonsnummer:
992660074
gudbrandsdalen.dnt.no
gudbrandsdalen@dnt.no



FØLG OSS